



Norconsult AS
Postboks 1199
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3355 - 16/6767

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
18.03.2016

Mellombels utsleppsløyve Hilland vest - gbnr 134/1 ,3, 6 og 7 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 165/16

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søker: Norconsult AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mellom 50 pe og 10 000 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. Forureiningsforskrifta kap. 13

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om auka utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Hilland vest reinsedistrikt.

Gjeldande utsleppsløyve av 16.06.1999 gjeld for utslepp med storleik inntil 400 pe. Det vert no søkt om å auka utsleppet med 800 pe til 1200 pe.

Søknaden inneber ingen endring av utsleppsstad, men han omfattar plassering av nye reinseanlegg i 2 regulerte bustadfelt: *Haghaugen* og *Vindkallen* og overføringsleidning frå desse til påkopling på nedsida av eksisterande slamavskiljar skal nyttast. Det skal etablerast prøvetakingspunkt for måling av suspendert stoff (SS) på utløpet av eksisterande slamavskiljar og på dei nye lokale reinseanlegga.

Det vert søkt om mellombels utsleppsløyve då avløpsvatnet på sikt skal overførast til sentralt reinseanlegg, som er planlagt ferdigstilt i 2024.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.09.2015 med oppdatering mottatt 16.12.2015.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Her er lenke til saka i kommunen sitt innsyn:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015003355&

Planstatus

Noverande og planlagte avløpsanlegg er plassert innanfor område som er omfatta av reguleringsplanane *Hilland vest, Vindkallen og Haghaugen*.

Utsleppsstaden er uendra og ligg mellom Vestretangen og, Heimetangen i Kvernafjorden, i sjøområde som i reguleringsplanen for *Hilland vest* er sett av til småbåthamn

Nabovarsel

Søknaden om utsleppsløyve er varsla på kommunen sine heimesider, i Avisa Nordhordland og i Bergens Tidende med 4 veker høyringsfrist. Det er ikkje registrert nabomerknader.

Høyring

Søknaden har vore send på høyring til Fiskarlaget Vest, Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum.

Det har komme inn følgjande høyringsuttalar til søknaden:

Fiskarlaget Vest sin merknad:

Fiskarlaget Vest har ikkje merknader til omsøkt endring så lenge ein held seg innafor reinsekravet av utsleppet.

Delar av traséen for ny utsleppsleidning viser på søknadskartet.

Ein vil allereie no gjere merksam på at ein ikkje kan godt at ei utsleppsleidning blir lagt i det registrerte trålfeltet, eller like ved.

Fiskarlaget Vest har ikkje merknader utover ovannemnde.

Fiskeridirektoratet Region Vest skriv mellom anna:

Fiskeridirektoratet region vest si interesse i slike utsleppssaker er å sikre marint mangfald, samt fiskeri- og akvakulturinteressene i området.

Det er viktig at tiltakshaver har kunnskap om og tek omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og omkring det aktuelle området.

Om lag 350 m frå utsleppet er det registrert eit rekefelt.

Vi kan ikkje sjå at ei auke i utsleppet av reinsa avløpsvatne kan føre til større ulempe for dette rekefeltet.

Fiskeridirektoratet region vest har difor ingen merknad til midlertidig utviding av utsleppsløyvet frå Hilland vest.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum:

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hilland Vest avløpsreinsedistrikt Haghaugen gbnr. 134-1 og 3 m.fl., i Lindås kommune som kan bli direkte råka av auka.

Museet har derfor ingen merknader til aukinga.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Fylkesmannen i Hordaland skriv mellom anna:

Avløpsanlegget ligg i mindre følsamt område, jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11 i forureiningsforskrifta. Avløpsvatnet vert reinsa i slamavskiljar. Både nye og eksisterande slamavskiljar skal drivast i samsvar med krava i § 13-6 til § 13-16. Utsleppet vert auka vesentleg, jf. § 13-8 i forureiningsforskrifta og må då tilfredstille reinsekravet i bokstav a eller b i forskrifta.

Kommunen må krevje at både eksisterande slamavskiljar og nye slamavskiljarar vert utforma slik at prøvetaking kan skje i tråd med forureiningsforskrifta, §13-12 Prøvetaking.

Forureiningsforskrifta har standardkrav til utsleppsløyve. Kommunen som forureiningsmynde har plikt til å vurdere om løyvet oppfyller krava i vassforskrifta og naturmangfaldlova. Det vil sei at kommunen må la det gå fram av vedtaket om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta § 13-5 om handsaming av søknaden, at de har vurdert om bygging av anlegget og utsleppsløyvet vil kunne skade naturmangfaldet i området.

Vi har ikkje andre kommentarar til søknaden.

Plassering

Det eine anlegget si plassering og utsleppsstaden er uendra. Det nye er to reinseanlegg i to nye bustadfelt, og overføringsleidningar frå desse fram til utsleppsleidningen.

Reinseløysing/krav

Søknaden gjeld utslepp til sjø i mindre følsamt område. Det er lagt til grunn for søknaden at reinsekravet i § 13-8 bokstav b skal oppfyllast ved bruk av slamavskiljarar. Det skal også etablerast eit prøvetakingspunkt for utsleppskonsentrasjonen av suspendert stoff (SS) frå kvar av slamavskiljarane.

Drift og vedlikehald

Anlegget skal drivast i samsvar med krava i §§ 13-6 til 13-16.

Privatrettslege tilhøve

Eksisterande slamavskiljar på Heimetangen, utsleppsleidning og tilførselsleidningar er overtatt til kommunal drift og eige i hht utbyggingsavtalen for Hilland Vest. Arealet som desse ligg på er privateid, men det har ikkje innverknad på dette. Dokumentasjon på eigarskap vil bli ettersendt frå Teknisk drift.

Andre interesser – søkar sine vurderingar

Strandsona er generelt svært vanskeleg tilgjengelig. Den store båttrafikken, og då særleg hurtigbåttrafikken Bergen – Sogn, gjer det ofte ubehagelig å drive friluftsliv i dette sjøområdet.

Det er ikkje registrert badeaktivitet i området, men noe spredt fritidsfiske med teiner, garn og line.

Auka utslepp av reinsa avløpsvatn er ikkje forventa å gi negative verknader.

Vassforskrifta

I tiltaksprogram for vassregion Hordaland for perioden 2016 – 2021 datert 02.10.2015 er det for Nordhordland vassområde ikkje foreslått naudsynte tiltak for Kvernafjorden.

Naturmangfaldslova

Endringa i utsleppsløyve medfører ingen konkrete fysiske tiltak i samband med eksisterande utslepp.

Auka utslepp vurderast ikkje å føre til negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er gode straumforhold i resipienten, og det vil ikkje vere fare for uheldige lokale påverknader som følgje av det auka utsleppet av reinsa avløpsvatn, som vurderast å ligge godt innanfor toleevna til resipienten.

VURDERING

Kvernafjorden og Radfjorden er i miljøundersøkinga frå 2004 klassifisert med tilstandsklasse mindre god/god (etter SFT-standard) og syner ei lita negativ utvikling samanlikna med tidlegare undersøkingar. Tidlegare undersøkingar har synt reduksjon i oksygeninnhaldet i botnvatnet i delar av året. Resipienten er vurdert som sårbar og er under overvaking. Ostefjorden er vurdert som ein vesentleg betre resipient. Det er difor ein i pågåande revidering av *kommunedelplan avløp 2013 - 2025* legg opp til å samla alt avløp frå området Knarvik – Alversund – Alverstraumen i eitt sentralt reinseanlegg i Knarvik, med utslepp til Osterfjorden.

Området Alverstraumen – Kvernafjorden – søre del av Radfjorden er i naturbasen registrert som svært viktig kartlagt friluftslivsområde. Det er elles registrert nokre lokasjonar med arter av nasjonal forvaltningsinteresse, mellom anna fugl i området.

Med grunnlag i miljøundersøkinga, naturbasen og dei vurderingane som er gjort av fiskeridirektoratet og av søkar, vurderer kommunen som forureiningsstyresmakt at reinseløysinga og plasseringa er tilfredsstillande ut frå resipienttilstanden, naturmangfaldet og brukarinteressene i området, som ei mellombels løysing.

Arbeidet med å prosjektera og bygga permanent anlegg med overføringsleidning til nytt, sentralt reinseanlegg i Knarvik må prioriterast og drivast kontinuerleg for å oppnå målet, som er ferdigstilling i 2024.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av dei nye delane av anlegget kan setjast i verk, må det søkast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 13-5 vert det gjeve utvida utsleppsløyve for utsleppsleidningen frå Hilland Vest på følgjande vilkår:

1. Avløpet skal reinsast i slamavskiljarar, slik det er søkt om.
2. Slam skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.
3. Løyvet gjeld mellombels, fram til 31.12.2024.
4. Utsleppet er godkjend for inntil 1200 pe.
5. Utsleppet skal drivast i samsvar med krava i forureiningsforskrifta §§ 13-6 – 13-16.
6. Prøvetaking skal gjennomførast i tråd med § 13-12 i forureiningsforskrifta, tidsproporsjonalt med minimum 12 døgnblandeprøvar pr. år. Det skal takast prøvar både frå utløpet på eksisterande slamavskiljar og frå nye lokale reinseanlegg som skal byggast for dei nye bustadområda på Haghaugen og Vindkallen.
7. Dette løyvet erstattar utsleppsløyve av 16.06.1999.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 13-5, fjerde ledd.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 15/3355**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Lindås kommune

Postboks 7310 5020
Teknisk drift - VVA

Bergen

Mottakarar:

Norconsult AS

Postboks 1199 5811

BERGEN